

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. ~~Gammel engkultúr~~ / 2

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Voss

Emne: Gammel engkultúr

Bygdelag: Pyrovdalen

Oppskr. av: Pinar Liljorhús

Gard: Liljorhús

(adresse): N. L. H. Vallebekk

G.nr. 22 Br.nr. 9

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein delte „engj“ innanfor bøgarden i eng, halveng og smigras. Ordet eng brukar dei om kirkete bøgane, som hadde vore dypha. halveng om den som var litt mellomting mellom eng og smigras. Smigras kalla ein det som voks på i dypha mark. „Ekre“ brukar ein om finaste bœen. Det var eng som voks der det i engong hadde vore øker. Namnet kom truleg til då ein tok til å minke korndyrkingi og auke feholdet, eller for fyrste gong i under skiftebruk. Ættern'e kjemmer ein ikkje.

Tjukkeng var brukar. Truleg brukar ein det som samnamn på beste engj. Toden er i kjent. Smigras var nok brukar, men mest kalla ein det smigraset, og det namnet brukarst både om teigen, og om gras på høvsten der. Ordet halveng er nemnt ovanfor.

Høgt delte dei opp i tōhøg, hestahøg og småhøg (tinka smigras). Tōhøg var brukar til kyrne, hestahøgt til hestane og småhøgt til småen. Hestahøgt var høvsta av halvengj, og det var truleg lagt vinn på

å få det godt innberga. Det beste grøynde
du til vǎrvinna, "vinnehøygt".

Ein trūkke ordet utslatte. Du var
inngjende dersom du ikkje låg i tō der fekt
ikkje kunne koma til. Ein trūkke og orda
langvovslatt og stuttvovslatt, og det fanns
båe delene både i utslattene og på smågras.

*Tjupar

2. Du riddede både eng og smågras om vǎren.
Det vǎnleig var å samla kvist og fjogamalt
leiv saman med rive i dǎngar som du
kalla "rinnadynja". Arbeidet kalla du rydjing.
Det var ogjǎ vǎnleig å hogga vekk skog, men
det var ikkje nokon regel at dette vart gjort
i samband med lauring. Det som vart
høgt kunne gj trūkast til ved. Du brukte
"rinnadynjene" når det ikkje var fǎre for
at varmen bræidde seg, men ikkje alltid.
Om etke vart bridd, kjemmer ein ikkje.
Du mest dǎngande tǎndene la steinen

opp i rǎngar. Det var vǎnleig på eng, men
forekom og på smågras og i utslattene.

3. Mosen i engi kjemmer ein lite til om du
hadde råd mot. Det er fortalt av gamle
folk at du bridd sand på mossevokse
myrar, men det vart lite brukt.

Ein kjemmer til at du samla opp høgfǎ
på låvegolvet under høfberging. Det nytta
du til å leggja att rǎkerlappar med. Dette
grasfǎet var best, for det hadde ikkje
lapt spirevna av varmen i "høfkobben".

4. Grǎfting i myrar og eng er gammal, det
galt ogjǎ smågras. For tid ein tok til
med grǎfting er nok uvisst, men det
er sikkert at du var leivne til med det
for ca 120 år sidan. Du gamle grǎftene

er loyde slik at dei minnar i turre
 bokkar så dei tente til vatning og fleire
 stader vatna dei. Dei leidde vatnet ut
 små elvar og grøver i opne veltir. Det
 finns òg døme på at dei vatna samtidig
 med at dei bar land (tinn) på engi. Då
 slapp dei blanda landet med vatn som
 det elles ofte gjorde.

5. Dei gjødsla på engi så langt gjødsla
 rakk til, men fyrst skulle akren
 ha sitt. Ein vit ikkje kva tid dei
 tok til med enggjødsling, men gamle
 folk som minnest 70 år attende, fortel
 at dei gjødsla engi frå før den tid.

Utslåtten var ikkje gjødsla, heller ikkje
 smigrout. Til enggjødsling brukte dei
 mest smelagarane (sainngjødsla). Kor
 stor dei gjødsla og om dei brukte
 visse lassetal på kvart stykke,
 kjemmer ein ikkje til. Truleg var det
 svak gjødsling etter vår meining.

6. Ein kjemmer namnet "tjukteng" for
 den engi som var gjødsla. Dei andre
 ordi det er spurt etter, kjemmer ein
 ikkje no. Ein kjemmer ordet "tøhøy"
 på høy frå gjødsla eng, men om
 det har samanheng med ordet "tobødn",
 kjemmer ein ikkje til på desse kantar.

7. Etter det innbyrdes laget til dei likaste
 engstykkeri og tinnit å døma, finn ein
 ikkje nokon fast samanheng her. Mange
 stader hadde dei berre böen nedanfor
 høvi, men det er ikkje nokon regel.
 Ligt er tinnit, eller er "mottingadammen"
 (gjødslaplassen), kalla dei "hevdasigt".

4.
Kortarsiget vart elles rekna for skodely på
åkeren (loyde). Om dei veita hevdarsiget
utover kjemmer ein ikkje til. Dei andre
orti det er spürt etter, er i alle høve
no ikkjende. Heller ikkje veit ein
om åkrane vart layde avan for
dei beste engstykki. Det er elles ikkje
suley, for dei gamle åkrane låg på
den beste jordi utan omsyn til
laget så engi omkring.

8. Dei gjødsle om våren. Frå gammalt
av trūkete dei «mokslede» (møkslede).
For om lag 60 år sidan vart kjerna og
brøka, men brøken av mokslede
har halde seg til no. Dei fyrste
kjerneane var skrel reiskap.
Moksleden var laga med tremeriar.
Dæget var festa til sleden med ei
vidjehemppe. I vidjehempa var
innstykkt ein snor, slik at larset kunne
kvelast av sleden lettvindt. Dei beste
myki med «mykastyrng». Det var ein reiskap
på skap som ei lang, smal skuffe
med ei open spalte bakover i bladet.
Skaftet var 70-80 cm langt. Framme
på «styrngen» var sett på jernbeslag.


«Mokastyrng»



Gjødsli spreidde dei med «mykareka». Det
min vulgært namn på denne var
«lootareka». Ho var utan jernbeslag
og har vore nytta fram til no, men
no til anna arbeid. Reke (av jern)
med jarnplate kom i bruk for ca.

60 år siden. Da nyttå ein den både til lessing og spreiding. I nyare tid kom greipen i bruk.

„Lortareke.“



Samuldringi av gjødsla var gjort med rive og var kalla „rivling“. Rivene var like dei ein no nyttar til høgreaking, men var noho grøttal. Beste rivene var ^{loge} av asp. Seinare tok ein til å bruke „rissloe“ til å rivla myksi med. Ein veit ikkje sikkert kor tid. Sloen var loge av stivt bjørheris og var skapa som ein lang flat risskott, ca. 2 m lang og 1.5 m brei. Oppå den sat høgreakeren medan hesten drog han. Han var nyttar av mange endå. No brukar ein òg lekkeharv av jarn (trefotharv).

9. Kyrne sleppte dei ikkje på engbite om våren utan i forsknipe. Det var elles si skum. Lærene var sleppte på engi si tid om våren. Håustbeiting var vanleg. Dei tok heim dyri og bite på hoi, og det var rekna for skade å beita for snaritt. Gjerdet fannst ikkje, og all eng låg for fefot. Fjåttelærene og på skåltreid, beita ein ikkje. Beitingi om hausten skulle lena til å spare det innhårta høyt.

10. No beiter dei vanly ikkje på all engi. Vanly beiter ein ikkje 1. år eng og lite på kinnstij eng i det heile. Dette brigdet har kome litt etter korr etter at folk hadde fenge gardane i skifte.

og dei tok til å få opp merkesgjerde. Det har og vorte mindre beita på myri etter som ein sag skoten av det. Dette synet har bringa seg noke att etter ein fekk nøgdi av kinnstgjøtsel.

11. Dette er ukjent.

12. Kyrne vart sette inn når dei gjette på høvite. På vassstolane brukte dei, vassflora * mellom kyrne beite i utvasski. Vassflora låg anden attmed bøgarden eller attmed eit stollstrade. Det var svik på vassly å gjøtla stollstradi, men ein kjemmer og til at gjøtli kinnne høyrast heim på vassstøret. På sinnerstolane sette ein og inn kyrne. Kvart buk hadde ~~to~~ altså to sinnerfjøs.

13. Ein kjemmer til at saene vart stengde inne i innhegninga om natti for at lambe ikkje skulle få mjølk, og denne saenmjølki vart brukt. Kyrne vart aldri innstengde i beitetidi. Innhegningane kalla ein, "stade" og det er no vassly stadnamn.

14. For om lag 100 år attende, kjemmer ein dømme på grindgang. Det var saene som vart stengde inne i grinder (om natti) for lambe for mjølki si skuld. Grindene vart sette på tinnre havgar og flytte kvar kveld. Det vart rekna for god gjøtling. For nemninga dei hadde på dette vett ein ikkje no. ~~Flere~~ eldre folk er grindgang ukjent for, så det må ha komne or bruk for 70-80 år sidan.

15. 16. 17. og 18. er ukjent.

19. Ordet stød er kjent. Det vart bruk for 2677 mytta i samband med grindgang, men sikkert er det ikkje. No stadnamn. Ordet støl er mytta om sattu og bene det ordet i denne bydingi.

20.

Stølskrade hadde dei der det var
mogleg, i minste på vinterföret, å
höjra heim högt. Tunnarstolar som ligg
högt til fjells, har ikkje krade. Trøde er
det vanleg namnet. Det er gammalt
med stølskrade her. Stølsstøtt har halde
seg bra, men det finns døme på at han
har vorte nedlagd. Dette kjem til å
verte min vanleg no di arbeidsbjelpe
er dyr og ofte ikkje råd å få. At støls-
plåtten har halde seg såpass til denne
tid, kjem av at stølsheiet er godt fjellgras,
og at stølskradet vert gjødsla med
myk fri buskopen. Det er mange døme
på at folk heller let nok av smågraset
støi usleg, og slår stølskradet. Stølskradet
vert gjødsla, og på same måten som
enji heime.

21. Ukjent.

A. Noko av det som her er fortalt er attgjve
etter det eg har høyrk gamle folk som
no er død, har fortalt. Mykje av det har
eg fått samna av folk som lever emu.

Det er ikkje mykje eg har røynt sjølv.
av dette, men mange gamle nemningar
har halde seg, gamle viter til vatning,
gamle gjøfse på smågraset og opplagde røgar,
synes emu, og di eg har fått vita hvem
som har utført arbeidet med desse, har ein
rekna seg til alderem.

B. Det neste er avskrive etter forteljing
av Nils M. Dolve, 74 år, småbrukar og
handelsmann, fødd og oppvaksen på
Siljarkvis, Voss.